

Fråsegn 1 Frivillig kulturliv må få like mykje momskompensasjon som idretten

Noregs Ungdomslag er glad for at regjeringa frå 2021 har innført full momskompensasjon for varer og tenester for frivillig sektor.

Noregs Ungdomslag meiner difor at eit naturleg neste steg er å innføre momskompensasjonsordning for nybyggings-, påbyggings- og ombyggingskostnader for organisasjonseigde kulturbygg.

Noregs Ungdomslag ser at det i dag er systematisk forskjellsbehandling mellom lag og organisasjonar som eig kulturbygg og idrettslag. Vi kan ikkje sjå at Kulturdepartementet har framført argument for at det er naturleg at idrettsanlegg skal ha momskompensasjon, mens organisasjonseigde kulturhus ikkje skal ha det.

I dag gir denne forskjellsbehandlinga utslag som står fram som urimelege. Dersom til dømes idretts- og ungdomslag går saman om å bygge nytt allhus i bygda, får idrettslaget som eig kjellaren full momskompensasjon. Ungdomslaget som eig første etasje får ingenting.

Dei organisasjonseigde kulturhusa er på same måte som idrettsanlegg viktige inkluderingsarenaer. Her er det plass til eit mangfald av aktivitetar. Musikk, teater, dans, klubbaktivitetar, eldrekafe, gaming og dugnad. Du treng ingen spesiell kunnskap for å delta. Skal desse husa både oppretthalde posisjonen dei har, og vidareutviklast i takt med samfunnet elles, er det viktig at dei kan søke om momskompensasjon for nybyggings-, påbyggings- og ombyggingskostnader, på same måte som idrettsanlegg.

Noregs Ungdomslag ber difor Kulturdepartementet ta initiativ til å innføre same momskompensasjonsordning for organisasjonseigde hus som for idrettsanlegg. Alternativt at momskompensasjon for idrettsanlegg blir utvida til å gjelde organisasjonseigde kulturbygg.